



Saksframlegg

Søknad om stønad til Sørbygda aktivitetsplass

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg, OKO utvalet.

Dokument i saka:

Søknad om kulturmidlar

Søknad om tilskot til særskilte tiltak.

Bakgrunn for saka:

Sørbygda aktivitetsplass er ein nyleg oppretta organisasjon, som har som mål å lage ein samlingsplass for folk i Sørbygda, og eventuelt andre. Dei søkte i fyrste omgang om kulturmidlar, men ein vurderer dette som eit eingongstiltak, og ikkje drift, derfor blir søknaden handsama som særskilt oppgåve og tiltak.

Hovudtanken er å få folk ut, og få ein uformell samlingsplass for lek og aktivitet, men og som ein møteplass. Dei har fått leikeapparata etter Fyresdal kommune som stod ved Spar, og treng midlar til å få sett dette opp.

Dette er kostnadsrekna til kr 40.000,-, og er utgifter til gravemaskiner, sand og pukk og transport av dette, og utgifter til gjerde. Området må sikrast mot ein ein bekk, som til tider har stor vannføring.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Støtte opp om innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod.

Styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler.

Tiltaket som Sørbygda aktivitetsplass setter i gang er positiv og stør opp om Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommunens samfunnsplan, som nemnt over. Det å legge til rette for møteplassar, jobbe for ei meningsfull fritid for fleire, og forebygge psykisk uhelse er viktig, og er også nemnt som viktige tiltak i ny temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032.

Dei har fått eit aktivitetsapparat, så det er utgifter knytt til oppsetting og etablering av området det gjeld. I søknad om kulturmidlar har dei estimert at det er 35 barn i alderen 0-19 år i området som kan gjere nytte av tiltaket, i tillegg til om lag 40 vaksne.

Konklusjon:

Det er ikkje avsette midlar til slike tiltak i kommunen sitt budsjett, så ein må i så fall vurdere om det er mogleg med tilskot frå OKO utvalet sin pott. Det vil nok vere relativt enkelt å søkje og få eksterne midlar til slike tiltak, og at eit eventuelt tilskot frå Fyresdal kommune må vere eit stimuleringsstilskot, for godt initiativ og godt tiltak, som når mange.

Fyresdal kommune stør tiltaket Sørbygda aktivitetsplass med kr 10.000,-.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør tiltaket Sørbygda aktivitetsplass med kr 10.000,-.

Med løyving frå 1113 470 231

Restsum i disponibel pott blir då kr 22.500,-

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur